

MØTEREFERAT FAU NORDBYGDENE SKULE 03.06.24

TILSTADES: Ruth Marie Østråt Koksvik, Marita Skrindo-Tveito, Øystein Flaget, Liv-Marit Øynebråten, Elin Nordheim (fyrste sak) og Ragna Torkelsgard (ref)

1. Orientering frå rektor om skulen

Stratetgikonferansen; det vart ikkje konkludert med noko ift ynskje om at det i oppvekstsektoren for grunnskulen skal vera møtetid til kompetanseheving og teamarbeid for tilsette. Hovudfokus på konferansen vart leik og leikbasert læring for skulestartarane. Dette er noko Nordbygdene Skule har hatt i fokus dei siste åra, og som skulen vil fortsetja å vidareutvikle. Det vil bli ein endå større del for 1&2.trinn frå hausten.

Familiehjelpen har hatt veiledning med personalet sidan dei starta opp i februar. Både den praktiske bistanden i miljøet, og veiledninga har bidratt til tryggare personale og elevgruppe.

Mellomtrinnet har avslutta ei vellykka veke med *Kompani Nordbygdene Skule*. Det er mykje som i den samanheng kan kryssast av på måla i læreplanen. Tilbakemeldingane frå både elevar, lærarar og føresette er at dette var særskilt bra. Innspel om at dette er noko som er hensiktsmessig å gjenta kvart skuleår, gjerne på hausten for å styrke klassemiljøet.

Skuleåret 2024/2025 har 46 elevar p.d.d. Fåddelt skule fortsett, og orientering om inndeling av trinn, klassekontaktar, timelærarar og fagarbeidarar har kome på Visma. Det er stabilt personale og dekkja ved skulen for komande år. To nye fagarbeidarar kjem inn frå hausten; Anette Blakkisrud og Susanne Øen Haugen.

2. Sommaravslutning – innspel om endring av dugnadsansvar

Denne saka har vore oppe før, sjå møterferat 29.01.24, sak 1. Dersom det skal gjerast endringar her meiner FAU at ein må sjå på heile dugnadsansvaret på arrangement gjennom skuleåret. F.eks at 2&3.trinn har 17.mai ansvar; er det gunstig at det ligg til føresette for dei yngste? FAU stiller eit spørsmål om ein skulle sett annleis på alle arrangement som er i løpet av året. FAU ynskjer at dette skal opp som sak på dei trinnvise foreldremøta til hausten, for drøfting og innspel, samt i elevrådet og blant dei tilsette. Det er til dømes nokre elevar og føresette som har uttala at dei hadde positiv erfaring med trinnvis sommaravslutning o.l under pandemien. Kunna ein tenkt ein årleg tilstelling for heile skulen, og dei andre trinnvis for å byggje tettare nettverk? Kunna ein har eit meir organisert opplegg for arrangement som gjeldt heile skulen, slik at fleire blir kjent med kvarandre?

Sommaravslutninga går som vanleg i år; 7.trinn sitt ansvar. Om dei føresette ynskjer å gjera ekstra stas på elevane på trinnet, så er ein moglegheit å arrangere ein avslutning for dei m/føresette i tillegg. Sjå referat frå 29.01.2024.

3. 17.mai evaluering.

Det må vera ein føresett som må har ansvar for å lede skulekoret på 17.mai. Dette er eit FAU-ansvar, og det må inn i malen for organisering at programansvarleg også sikrar *dirigent* av skulekoret.

Jmf referatet 08.04.24, sak 3; *17.mai arrangement i framtida*, ynskjer FAU å kontakte leiar i Bygdekvinnelaget om det kan drøftast moglegheit for eit samarbeid om 17.mai arrangement på Leveldtun.

4. **17.mai-fane.**

Det er ikkje ei eigen fane etter skulen skifta namn til Nordbygdene Skule. Dette må me få på plass før neste års 17-mai feiring. FAU sit innspel er at skulen kan ha dette som eit praktisk prosjekt der elevane kan teikne/utforme ei fane. Kanskje eit samarbeid med Leveld Kunststartun. Treng ikkje gjerast kostbart; tenk bærekraft og gjenbruk.

5. **Oppgradering av ballbingen og uteområdet**

Ballbingen: Det er sendt inn søknad i anleggsregisteret innan fristen 15.mai. Den detaljerte beskrivinga av utforming og kostnad av anlegget må leverast innan 1.oktober. Kommunen er eigar, så dersom det skal søkast på tippemidlar er det skulen som må søke. Fjellet IL har også vore involvert i dette planarbeidet.

Elevrådet blir spurd om innspel til utforming av ballbingen. FAU si innstilling er at ballbingen skal bli utbedra slik at den fortsatt kan nyttast til fotball og anna ballspel. Oppsett for nett til volleyball, badminton og basket. Dekket bør utformast slik at det let seg gjera å laga skøytebane på vinteren. FAU leiar og rektor har ansvar for å organisere prosjektet vidare.

Uteområdet: Det har kome innspel om at det er ynskjeleg med mindre asfalt på uteområdet, og meir grøntområde med planter og tre. I tillegg områder ein kan opphalde seg med skugge på varme dagar, f.eks parasollar, seil, overbygg, gapahuk eller liknande. Ynskje om utbetring av uteområdet er noko som er teke opp fleire gonger tidlegare, både av FAU på skulen og i barnehage. FAU-leiar tek med saka inn i SU.

6. **Ordensreglar for skulen**

Det har vorte sendt ut ei forskrift for ordensreglar som skal gjelde for alle skulane i Ål kommune. Dette var drøfta i rektormøte 30.mai. Innspelet frå FAU er at Nordbygdene skule i tillegg har eit arbeidsdokument som synleggjer verdiane ved skulen, og styrkebasert tankesett som metode.

7. **Nettverksbygging gjennom sumaren**

FAU oppmordar om at foreldremøtet på hausten blir arrangert tidlegare, gjerne i slutten av august. Det er viktig at det blir satt av nok tid til at foreldre får planlagt sosiale arrangement for klassen m/føresette, og evt laga eit årshjul, samt drøfte andre aktuelle tema.

Klassekontakt skal fortsette fram til neste er valt for nytt skuleår, og har ansvar for å initiere sosialt treff for trinna i oppstart av skulen til hausten.

8. **Lesing som satsingsområde**

FAU ynskjer at dei tilsette skal sjå på nasjonale satsinga ift lesing. Er det ein plan for dette neste skuleår. Kan skulebiblioteket nyttast meir aktivt; elevane få låne med bøker heim derifrå?

9. **Matpausa**

Korleis nyttast denne tida? FAU ynskjer ikkje skjermtid under maten av fleire årsakar; det fører til at ein del elevar ikkje klarar å fokusere på å eta matpakka. FAU ynskjer at det skal fremjast gode måltidsvanar med god tid til å eta, det sosiale og samtaler rundt måltidet.